

Godkjent referat frå møte i Sunnhordlandsrådet - Repr.skapet 14. juni 2024

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), signert 27.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), signert 20.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), signert 28.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), signert 20.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), signert 20.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), signert 21.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), signert 20.06.2024 med Signicat Sign BANKID
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), signert 27.06.2024 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet/Representantskapet

Fredag 14. juni 2024 kl. 09.00 – 13.00, Sveio rådhus

Referatet vert godkjent elektronisk av Sunnhordlandsrådet.

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet/representantskapet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Vegard Bjørnevik	Kvinnherad kommune
Sigbjørn Framnes	Stord kommune
André Mundal Haukås	Sveio kommune

Kommunedirektørar/rådmenn:

Hogne Haugsdal	Austevoll kommune
Filippo Ballarin	Etne kommune
John Karsten Raunholm	Fitjar kommune
Tommy Johansen	Stord kommune
Peter Lura (økonomisjef)	Sveio kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Region Sunnhordland
Anne Almås Tranøy	Region Sunnhordland

Forfall:

Synnøve Bakke	Tysnes kommune
---------------	----------------

Orienteringar:

- Helse Fonna: Utdanning og rekruttering til helse- og omsorgssektoren v/ Anne Beth Njærheim
- HVL: Utdanning og rekruttering til helse- og omsorgssektoren v/ Georg Førland og Kajsa Ida Lovisa Nordstrom
- Reisebrev frå Ukraina v/ Vegard Bjørnevik

Bedriftsbesøk kl13-15.30:

- Sunnhordland planteskule v/ Grethe Lier

Saker:

Sak 21/24	Val av styre til Region Sunnhordland IKS
Sak 22/24	Fråsegn Sunnhordlandsrådet - Høyring KVU E39 Kryssing av Bømlafjorden
Sak 23/24	Felles formannskapsmøte
Sak 24/24	Skriv og meldingar
	a) Høyringsmøte 20.juni: Høyring og offentlig ettersyn for Utviklingsplan for Vestland
Sak 25/24	Ymse
	a) Fråsegn Sunnhordlandsrådet – Forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Sunnhordland, 17. juni 2024

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes | A Postboks 444, 5403 Stord
| T 41 21 70 24 | Org.nr. 971 492 910 | E post@regionsunnhordland.no | W regionsunnhordland.no

- 1 -

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 27.06.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 20.06.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 28.06.2024
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 20.06.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 20.06.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 21.06.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 20.06.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 27.06.2024

Forseglet av



Posten Norge

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet/Representantskapet Fredag 14. juni 2024 kl. 09.00 – 13.00, Sveio rådhus

Sak 21/24 Val av styre til Region Sunnhordland IKS

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at følgjande representantar blir vald til å sitte i Region Sunnhordland IKS sitt styre:

- Kari Aakra, dagleg leiar Medvind
- Kjartan Eidsvåg, personalleiar Sveio kommune
- Terese Njåstad, dagleg leiar Stangeland Gard AS
- Kåre Martin Kleppe, fylkespolitikar Vestland
- Torstein Fjeldet Lunde, partner Odin advokatar

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at følgjande representantar blir vald til numeriske vararepresentantar for Region Sunnhordland IKS sitt styre:

1. Mari Pedersen Totland, prosjektleiar Bømlo Næringsråd
2. Svein Dale Soleng, forretningsutviklar SKL
3. Siri Rusten, personalkonsulent Kvinnherad kommune

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner følgjande styrehonorar for Region Sunnhordland IKS sine styremedlemmar og styreleiar:

- Kr. 20 000,- til styreleiar
- Kr. 10 000,- til styremedlem

Vedtak:

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner forslag til vedtak.

Sak 22/24 Fråsegn Sunnhordlandsrådet - Høyring KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet viser til høyringsbrevet frå Statens vegvesen, «Høyring/offentleg ettersyn KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden», datert 25.03.2024, med høyringsfrist 28.06.2024.

Sunnhordlandsrådet støttar val av Konsept K3 for det vidare arbeidet med kryssing av Bømlafjorden. K3 verkar vere det konseptet med best måloppnåing, realisme og som samfunnsmessig sett kjem best ut. For Sunnhordlandsrådet er kyststamvegen av sentral betydning. Sunnhordlandsrådet vil påpeike viktigeita av at det i det vidare arbeidet blir innarbeidd løysningar i prosjektet som sikrar god beredskap, god trafikkflyt, redusert klimautslepp og mindre risiko for trafikantane. Sunnhordlandsrådet bed om at det ved val av K3 stilles krav om at ikkje prissette verdiar skal takast omsyn til i det vidare arbeidet, og vektleggast i val av løysningar.

Utgreiinga føreset at E39 Stord – Os («Hordfast») blir bygd. Sunnhordlandsrådet vil understreke at det er behov for ein utbetring av dagens Bømlafjordtunnel, uavhengig av Hordfast. Nasjonal infrastruktur må halde høg kvalitet, og som KVV-dokumentet viser, er det nødvendig å betre både trafikktryggleik og beredskap. Rogfast blir realisert, noko som ytterlegare styrker behovet for ein betre fjordkryssing.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 27.06.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 20.06.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 28.06.2024
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 20.06.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 20.06.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 21.06.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 20.06.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 27.06.2024

Forseglet av



Posten Norge

Sunnhordlandsrådet ser fram til eit konstruktivt samarbeid med Statens vegvesen i det vidare arbeidet.

Vedtak:

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet la til eit par kommentarar i møte og blei einig om følgjande fråsegn:

Sunnhordlandsrådet viser til høyringsbrevet frå Statens vegvesen, «Høyring/offentleg ettersyn KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden», datert 25.03.2024, med høyringsfrist 28.06.2024.

Sunnhordlandsrådet støttar val av Konsept K3 for det vidare arbeidet med kryssing av Bømlafjorden. K3 verkar vere det konseptet med best måloppnåing, realisme og som samfunnsmessig sett kjem best ut. For Sunnhordlandsrådet er kyststamvegen av sentral betydning. Sunnhordlandsrådet vil påpeike viktigheita av at det i det vidare arbeidet blir innarbeidd løysningar i prosjektet som sikrar god beredskap, god trafikkflyt, redusert klimautslepp og mindre risiko for trafikantane. Sunnhordlandsrådet bed om at det ved val av K3 stilles krav om at ikkje prissette verdiar skal takast omsyn til i det vidare arbeidet, og vektleggast i val av løysningar.

«Utgreiinga føreset at E39 Stord – Os («Hordfast») blir bygd. Sunnhordlandsrådet vil understreke at det er behov for ein utbetring av dagens Bømlafjordtunnel, og med Hordfast vil dette behovet bli ytterlegare forsterka. Nasjonal infrastruktur må halde høg kvalitet, og som KVV-dokumentet viser, er det nødvendig å betre både trafikktryggleik og beredskap. Rogfast blir realisert, noko som i enno større grad styrker behovet for ein betre fjordkryssing.

Sunnhordlandsrådet ser fram til eit konstruktivt samarbeid med Statens vegvesen i det vidare arbeidet.

Samrøystes vedtatt.

Sak 23/24 Felles formannskapsmøte

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at det blir arrangert felles formannskapskonferanse ein gong pr. år.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt.

Sak 24/24 Skriv og meldingar

a) Høyringsmøte 20.juni: Høyring og offentlig ettersyn for Utviklingsplan for Vestland

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 er Vestland fylkeskommune sin regionale planstrategi etter plan og bygningslova § 7-1. Planstrategien definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga, prioriterer strategiar for å oppnå måla og slår fast kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra. Planstrategien skal setje strategisk retning for samfunnsutviklinga, bidra til å samordne offentlig sektor og mobilisere resten av samfunnet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 27.06.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 20.06.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 28.06.2024
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 20.06.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 20.06.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 21.06.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 20.06.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 27.06.2024

Forseglet av



Posten Norge

Forslaget leggjast ut til høyring frå **14. juni med frist 2. september 2024**.
Vestland fylkeskommune inviterer digitalt høyringsmøte 20.06.2024, kl. 10.00 – 11.30.

Sak 25/24 Ymse

a) Kartlegging av ressursar i helse og omsorgssektoren i Sunnhordland

I møte etter orienteringane ved Helse Fonna og HVL, blei det drøfta korleis ein saman kan løyse dei store utfordringane helse- og omsorgssektoren står ovanfor. Det er eit stadig aukande behov for fleire ressursar, pga. auke i tal eldre, samstundes som kommande generasjonar er færre. I følge siste oppdaterte tal frå NAV, ligg Sunnhordland høgast i tal tilsette innan helse- og omsorgssektoren mål mot pr. innbyggjar. Sektoren melder samstundes om høgt sjukefråvær og for få varme hender på jobb.

Korleis skal me løysa det aukande behovet? Er det noko me kan lære av til dømes privat sektor og korleis dei driv prosjektleiing og planleggingsverktøya dei nyttar? Kva kan me nytte velferdsteknologi til og kva treng me varme hender til? Kva treng me fagkompetanse til og kva kan ufaglærde utføre? Spørsmåla er mange. Sunnhordlandsrådet gav administrasjonen i oppgåve å sjå på korleis ei kartlegging kan uførast saman med til dømes partnerar som HVL, Helse Fonna og NAV, med mål om rigge eit helse- og omsorgstenester som kommunane kan klare å levre på, både på kort og lengre sikt.

b) Fråsegn Sunnhordlandsrådet – Forslag til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Høyringsfrist var den 12. juni, men jamfør e-post frå Kommunal- og distriktsdepartementet, fekk Sunnhordlandsrådet utsett frist til 17. juni, slik at fråsegnane kunne handsamast i regionrådsmøte den 14. juni.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet ser positivt på at ein i planretningslinjene legg opp til å setja retning, samtidig som ein tek i vare ein viss fleksibilitet i planlegginga. Me ser positivt på at det er gjort skilje mellom områder med lågt eller høgt utbyggingspress. For vår region finn me det unaturleg at éin av kommunane i Sunnhordland er plassert i kapittel 4. Dette gjeld Sveio, og me vil be om at også Sveio vert plassert i kapittel 5.

Komplekse plankrav

Vi har likevel ein generell uro om at kompleksiteten etter kvart bli svært stor. Endringane som kjem med siste revisjon er kanskje ikkje store, men vil krevje meir konsekvensutgreiing på nokre områder, som vert lagt på toppen av tidlegare krav.

Dette vil til sist utfordra sjølve føremålet med planretningslinjene: at kommunane skal styra etter plan. Fleire av våre kommunar er i prosess med å lande kommuneplanen sin arealdel. Allereie i dag er dette så omfattande at det krev for det første store personalressursar og for mange innleigd konsulenthjelp. Ikkje sjeldan er det ein eller få personar i kommunen, som svarar ut innspel og motsegner levert frå statlege og regionale mynde med store faggrupper innanfor kvar sine felt. Dette fører i mange kommunar til at planar tar svært lang tid å få endeleg vedteke. Dette skjer også i ei tid med krav om omstilling for kommunar for framtida, med mindre tilgang på folk, kompetanse og økonomiske ressursar.

Me meiner det er behov for ei forenkling av planprosessen for kommunane sin del. Kommunane ønskjer å styra etter plan. Men me er redd summen av krav, konsekvensutgreiingar og omsyn, og måten det skal dokumenterast på, no er så store at det i praksis gjer at mange kommunar ikkje fort nok får oppdatert utdaterte planar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 27.06.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 20.06.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 28.06.2024
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 20.06.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 20.06.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 21.06.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 20.06.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 27.06.2024

Forseglet av



Posten Norge

Plassering i kapittel 4 eller 5

Vi ser det som positivt at det vert gjort skilje mellom områder med lågt eller høgt utbyggingspress. Prognosane for folkevekst for åra som kjem er moderate, eller viser ein liten nedgang i vår region. Det tyder på at pressa på areal uansett er avgrensa, knytt til vekst i befolkninga. Det er då mogleg og ønskjeleg, å ivareta noko meir fleksibilitet i bustadformene, enn det er i områder med høgare press.

For vår region finn me det ikkje naturleg at ein av kommunane våre er plassert i kapittel 4. Dette gjeld Sveio, og me vil be om at også Sveio vert plassert i kapittel 5.

3.1 Samordna areal- og transportplanlegging

Vi ser behovet for at ein oppmuntrar til å nytta areal til utbygging som avgrensar transportbehovet og arealbruken. Vi ser likevel positivt på at ein her tar i var ein viss fleksibilitet ved å nytta ord som «*hovedtyngden av boliger...*», «Nye utbyggingsområder bør lokaliseres» og anna. Det er av mange grunnar viktig å ivareta fleksibiliteten også i arealbruken her.

Dei fleste av våre kommunar er i hovudsak kystkommunar, der sjøen har vore transportåra, og tettstadar og handelsstadar har vore bygd frå sjøsida. Når transportsystem i dag i all hovudsak skjer på land kjem ein fort i konflikt mellom å ta i vare kystkultur og areal som lenge har vore utbygd, og ønskje om å bygge ut større områder i det som tidlegare har vore urørt, men som kanskje vil ligga nærare transportsystem på veg. Slik planretningslinjene er skriva no meiner me det gir den rette fleksibiliteten. Det er difor viktig å ikkje endra til mindre fleksibilitet, og også sikre at praktiseringa av retningslinjene frå statleg mynde ivareteke fleksibiliteten i tilstrekkeleg grad.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 27.06.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 20.06.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 28.06.2024
- Haukås, André Mundal (10.11.1993), 20.06.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 20.06.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 21.06.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 20.06.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 27.06.2024

Forseglet av



Posten Norge